

Tor Erik Eide er tildelt Forsvarsmedaljen.

16.01.2020



Tor Erik Eide vart i dag tildelt Forsvarsmedaljen av Admiral Nils Andreas Stensønes.

**Tor Erik Eide ( 45 år ) frå Uskedalen er i dag tildelt Forsvarsmedaljen. Markeringa var på Haakonsværn i Bergen og sjefen for Sjøforsvaret, admiral Nils Andreas Stensønes, stod for sjølve overrekkinga. Eit av kreteria for å bli tildelt Forsvarsmedaljen er minst 25 års teneste i Forsvaret. Tor Erik Eide gjekk inn i Forsvaret som 18 åring og har sidan vore i Kongens klede.**

Tor Erik Eide vaks opp i Uskedalen. Han har dei siste 20 åra budd på Stord. Eide starta sin karriere i

Ubåtvåpenet og segla der i to år før han tok teknisk utdanning med fagbrev i år 2000 på KNM Tordenskjold. Tor Erik og familien har sommarhus på Neset i Uskedalen.

Etter befalsskolen for Sjøforsvaret jobba Tor Erik mange år i Barentshavet på Ytre kystvakt, mellom anna på KV SENJA. Dei 6 siste åra har Eide vore tilsett i Sjøforsvasstaben på Haakonsværn.



Tor Erik Eide med Forsvarsmedaljen og diplom.

Det er ikkje ofte nokon frå Uskedalen vert tildelt denne utmerkinga. I nyare tid veit vi at Alf Bjarne Hansen med 39 års teneste i Forsvaret er tildelt Forsvarsmedaljen.

Redaksjonen vil gjerne få informasjon om de kjenner personar som er tildelt Forsvarsmedaljen. Medaljen vert delt ut på vegne av Forsvarssjefen i Noreg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Manum - Sjøforsvaret